

Lokal forskrift om smittevern Tysnes kommune

Dato for at forskrifta trer i kraft: 15.03.2020

Heimel LOV-1994-08-05-55-§4-1

Kunngjort 15.03.2020 kl. xx.xx

Korttittel Forskrift om forebygging av koronasmitte, Tysnes kommune

Heimel for vedtak: Fastsatt av kommuneoverlegen i Tysnes kommune 15. mars 2020 med heimel i lov 5. august 1994 nr. 55 om vern mot smittsame sjukdomar § 4-1 femte ledd, jf. første ledd. For å avgrensa spreing av smitte av Koronavirus ytterlegare, gjer kommuneoverlegen med heimel i smittevernlova § 4-1 femte ledd, jf. første ledd, følgjande vedtak som gjeld for alle i Tysnes kommune:

§ 1 Reiser med offentleg transport under dette også ferjer

I tråd med statlige tilrådingar vert det oppmoda om å unngå bruk av kollektivtransport, dersom det likevel vert nytta kollektivtransport skal det visast særskilt merksemd i høve til personleg hygiene. Under dette ligg at det skal haldast ein avstand på minst ein meter til medreisande.

For transport med ferjer skal dei som reiser med bil opphalde seg i bilen under heile overfarten så langt det er lovleg på den aktuelle ferja, i praksis vil det sei alle ferjer utan lukka bildekk.

Reisande med ferje som ikkje har høve til å opphalda seg i eigen bil skal opptre i samsvar med første ledd.

§ 2 Samlingar

Det skal ikkje haldast samlingar eller gjennomførast arrangement. Dette gjeld også private samlingar i kommunen.

Gravferder har fått særskilt løyve.

Dersom arrangement/forsamlingar skal gjennomførast må arrangør ha løyve frå kommunen til å gjennomføre. Arrangør er pliktig til å gjera risikovurdering for smittespreiing før gjennomføring. Arrangør pliktar om dei får løyve til å ivareta følgjande:

- Personar med infeksjonar i luftveggar skal ikkje delta og skal bli avvist, arrangør skal opplyse om dette.
- Det skal stillast tilgjengeleg handdesinfeksjonsmidlar eller tilstrekkeleg kapasitet for handvask med såpe og vatn.
- Verksemdar som med bakgrunn i vedtak frå Helsedirektoratet fortsatt kan haldast opne skal informera kundar/besøkande om reglar knytt til avstand og andre hygienetiltak.
- Det skal i stor mon som mogleg stillast tilgjengeleg handdesinfeksjonsmidlar eller tilstrekkeleg kapasitet for handvask med såpe og vatn.
- Kundar som ikkje respekterer, eller følg opp verksemda sine tiltak for smittereduserande tiltak kan visast vekk.

Alle samlingar av folk som ikkje er strengt naudsynte skal opphøyra.

§ 3 Besøk til sårbare grupper

Besøk til personer på helseinstitusjonar og bustader med sårbare grupper skal som utgangspunkt ikkje finne stad.

Dersom det er heilt nødvendige kan det gjevast dispensasjon for slikt besøk, dispensasjon vert vurdert og vedteke av ansvarshavande på den aktuelle institusjon eller bufellesskap.

Dei som gjennomfører besøk skal fullt ut innretta seg etter gjeldande reglar for besøk og hygiene den aktuelle staden.

§ 4 Karantene

Personer som er i lagt karantene eller andre avgrensingar i sin alminneleg fridom til å bevega seg etter smittevernlova § 4-1, 1. ledd bokstav d) skal etterleve gjeldande karantenerreglar slik dei er gjeve gjennom instruks frå kommuneoverlegen.

Personar i heimekarantene skal ikkje sjølv oppsøkje butikkar for å gjera naudsynt handling. Dersom ikkje personen klarer å ordna dette sjølv skal det takast kontakt med kommunen for hjelp til gjennomføring.

Overnattingsstader skal leggja til rette for å kunne ivareta gjester i karantene.

Arbeidsgjevarar har ansvar for å ivareta eigne tilsette på arbeidsreise som blir satt i karantene i kommunen.

§ 5 Hygiene tiltak

Alle som oppheld seg i Tysnes kommune skal ivareta god og forsvarleg hand-, hoste- og nusehygiene.

Alle føresette og vaksne med ansvar for andre bør jamleg rettleia om personlege hygienetiltak.

Personer bør halda minst ein meter avstand til andre for å hindre spreieing av smitte. Alle verksemder har plikt til å syta for reinhald og hygienetiltak som hindrar smittespreieing.

Alle kontaktflater skal ha særskilt merksemd i verksemda sin reinhaldsinstruksar.

§ 6 Reiser

Fritidsreiser og reiser ut av kommunen skal ikkje gjerast så framt reisa ikkje er heilt naudsynt.

Alle som reiser til vår kommune plikter å vera særskilt aktsame i si framferd for å unngå spreieing av smitte. Dette inneber mellom anna å unngå å oppsøke butikkar og andre stader der fleire personer samlast med mindre dette er naudsynt.

§ 7 Erstattta av § 5 i sentral forskrift som set forbod mot opphald på fritidsbustad, jf.

<https://lovdata.no/dokument/SF/forskrift/2020-03-15-294?q=forskrift%20om%20karantene>

~~Hytter og personar med mellombels bustad i kommunen~~

~~Personar som har fritidsbustad i anna kommune enn der vedkomande er folker registert vert forbode å ta opphald i denne.~~

~~Det kan gjerast unntak for dette. Unntak vert vurdert av kommunen si kriseleiing, søknader om unntak skal vera skriftlege og det skal gjerast ei særskilt vurdering. Det skal i slik vurdering leggjast vekt på følgjande:~~

~~— I kva grad ligg det særskilde behov til grunn for å nytta fritidshus.~~

~~— I kva grad kan ibuar bidra til kommunen sin kriseberedskap. Dette gjeld naturleg helse, pleie og omsorg, men kan også omfatta andre relevante fagområder som kan understtetta ei effektiv krisehandtering.~~

~~Søknad om opphald kan berre stettast i den grad det ikkje vert lagt opp til reiser mellom registrert bustad og fritidsbustad.~~

~~I den grad opphald vil leggja særskilt press på kommunale helse og omsorgstenester skal ikkje opphald finna stad.~~

§ 8 Heimekontor og møteverksemd

Arbeidsgjevarar skal syte for at tilsette arbeider heimanfrå så sant det er praktisk mogleg.

Ved vurderingen av kven som skal arbeida heimanfrå vert det mellom anna lagt vekt på kor mange som til ein kvar tid må vera til stades på arbeidsplassen for å oppretthalde naudsynt drift. Det skal tas omsyn til verksemda sin eigenart.

Fysiske møter skal avgrensast mest mogleg, dette gjeld både eksterne og interne møter i verksemda. Det skal nyttast elektroniske løysingar der det er tilgjengeleg. Kun naudsynte møter skal gjennomførast, tilsvarande gjeld for kurs, seminar med vidare.

§ 9 Tiltak i sal av einskilde varer

Det vert lagt ned forbod mot sal av varer der det er risiko for direkte handkontakt. Alle lausvektsvarer innan frukt, grønsaker, bakarvarar og frå ferskvaredisk skal førhandspakkast i porsjonar av tilsette som følgjerk verksemda sin instruks for hygienetiltak. Det vert lagt ned forbod mot sal frå salatbarar, samt smågodt og nøtter i lausvekt.

§ 10 Iverksetjing

Ved manglande eller forseinka etterleving av forskrifta og om det ikkje er avklart kven som er ansvarleg, kan kommunen setja i verk og gjennomføra tiltak. Tiltak kan setjast i verk for den ansvarlege si rekning.

For nærare informasjon om kommunen sin tvangsmynde etter smittevernlova vert det vist til smittevernslova § 4.1.

§11 Straff

Forsetteleg eller uaktsamt brot av føresegner som følgjer av denne forskrifta kan straffast med bot eller fengsel inntil 2 år. Dersom overtreding har tap av menneskeliv eller betydelig skade på kropp eller helse som følgje, er straffa bot eller fengsel inntil 4 år.

Jamfør smittevernloven kap. 8, § 8-1.

§ 12 Ikrafttrede og ansvar

Forskrifta trer i kraft umiddelbart og gjeld inntil den vert endra eller oppheva.

Forskrifta skal opphevast utan ugrunna opphald så snart det ikkje lenger er trong for den.